REFERAT FRÅ STYREMØTE I SBTK 7. SEPTEMBER 2015

Til stades: Michael Nickel, Trond Skeie, Radoslaw Wincza og Roald Lygre (referent)

SAK 8/2015-16 SPORTSLEG OG TRENINGAR

Når Radek reiser har me ikkje noko tilbod med trenar til medlemmene Det tilbodet me kan gje er at hallen er open og bord og anna utstyr er tilgjengeleg og at der er ansvarlege vaksne som held orden og har oversikt.

Avgrensing: Under 12 år (ungdomsskulealder): Må koma med foreldre eller i følgje med andre medlemmer.

Me vil gje informasjon til medlemmene:

-Via e-post (Roald sender ut denne veka)

-Snakka med dei vaksne på trening (Radek)

Ansvarlege for treningane framover:

-Måndag/torsdag: Michael/Trond. Tysdag: Roald (Henning?)

Oppgåver for den ansvarlege:

-Låsa opp

-Registrera oppmøte

-Registrera medlemmer

-Passa på utstyr o.l.

-Låsa etter trening

SAK 8/2015-16 ØKONOMI

Michael: Det ser ut til at utgiftene vil liggja på kr 40-50 000. Inntektektene er litt meir usikre, men det ser ut som om me vil gå i null eller litt i minus.

Me vurderer å betala trenarkurs (Ca 3000 pluss reise til Oslo eller Bergen) dersom nokon foreldre melder seg som interesserte i å vera trenarar.

Neste styremøte: Ved behov.